



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.11.2017
Vår ref.: 2017/6269-5
Saksbehandlar: kjeomar
Dykkar ref.:

Fornya utlysning under tilskotsordninga - Bustad-, areal- og transportplanlegging for ein berekraftig og attraktiv byutvikling

Vi viser til e-post av 18. september 2018 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og informasjon på departementet sine nettsider om fornya utlysning av tilskot til bustad-, areal- og transportplanlegging for ein berekraftig og attraktiv byutvikling. Søknadsfristen var i utgangspunktet 20. oktober 2017, men utsett frist til 25. oktober 2017. Vi viser vidare til møtet mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og regionsenterkommunane Fjell og Lindås 19. oktober 2017.

Etter avtale med departementet fikk vi utvida frist til 25. oktober til å fullføre søknaden. Søknaden byggjer på innspel frå møtet 19. oktober 2017, og er tilpassa handlingsprogrammet for oppfølginga av Regional areal- og transportplan for bergensområdet. Vedlagt i brevet følger søknaden som vart sendt onsdag 25. oktober 2017. Som det går fram av brevet er det berre eigeninnsats som er forventa frå kommunane i gjennomføringa av prosjektet.

I søknaden har Hordaland fylkeskommune prioritert å søkje om midlar til eit forprosjekt til eit regionalt bustadbyggjeprogram. Prosjektet er to-delt og tek sikte å gjennomføra ei arealanalyse som skal undersøke fortettingspotensialet i regionsentera i bergensområdet, i tillegg til ei moglegheitsstudie om kva som skal til for å oppnå eit balansert og variert tilbod av bustadar innanfor dei regionale vekstsonene i bergensområdet.

Etter at Kommunal- moderniseringsdepartementet har handsama søknaden, vil vi invitere til eit felles møte for å avklare kommunane og fylkeskommunens sin vidare innsats og bidrag inn i prosjekta.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål eller kommentarar på:
kjetil.bo.omarstrand@hfk.no eller tlf. 40 80 62 85.

Marit Rødseth
plansjef

Kjetil Bø Omarstrand
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.